



Radøy Bemanning v/Liv Janne Hauge

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2010 - 15/14420

Saksbehandlar:

Arthur Kleiveland

arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:

03.12.2015

## Radøy kommunestyre - Byggesak gbnr 24/86 - Bø/Hordabøheimen - asylmottak - mellombels dispensasjon frå arealføremål og parkeringskrav.

Radøy kommunestyre handsama onsdag 2. desember følgjande sak; Byggesak gbnr 24/86 - Bø/Hordabøheimen - asylmottak - mellombels dispensasjon frå arealføremål og parkeringskrav.

### **Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 54/2015:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål Offentleg i reguleringsplan for Nordbø på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal setjast opp gjerde for å skilja næringseigedomen sitt uteområde frå skulen sitt uteområde.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 19-3 vert det gjeve dispensasjon frå krav til parkeringsdekning etter Kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.7.7 på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og gjeld for 6 år.
2. Det skal etablerast minimum 10 parkeringsplassar på eigen grunn eller i umiddelbar nærleik.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunestyret vil sikra tiltak for dei mjuke trafikantane, og særleg for barnehage og skule, skal det snarast lagast ein plan innbefatta tiltak med hovudmål å sikre mot farlige og uønska hendingar i vegområdet og trafikken til og frå skule / barnehage. Planen skal godkjennast av hovedutvalet for PLT og eventuelle tiltak skal gjennomførast i første halvår i 2016.

Med helsing

Arthur Kleiveland  
konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Radøy Bemanning v/Liv Janne  
Hauge